

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	24.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jon Askeland	15/1727	15/11142

### Valnemnd - oppnemning av medlemar

#### Saksopplysingar:

Ved konstituering av nytt kommunestyre har ein høve til å velja formannskap m.m. som avtaleval eller som forholdstalsval. Radøy har god tradisjon for avtaleval. Dette inneber at partia drøftar fordeling undervegs, slik at det som ligg føre til det konstituerande møtet er ei framforhandla tilråding.

Ordføraren rår til at gruppeleiarane i samråd med styreleiarane i partia utgjer ei valnemnd som kan leggja fram tilråding for det konstituerande møtet.

#### Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Gruppeleiarane i samråd med styreleiarane i partia utgjer ei valnemnd som kan leggja fram tilråding for det konstituerande møtet i kommunestyret.

### Kommunestyret i Radøy - 042/2015

#### KS - handsaming:

Ordføraren viste til at det er god tradisjon for avtaleval til konstituerande møte i kommunestyret.

*Ordføraren kom med følgjande endringsframlegg i møtet:*

Ein representant for kvart parti utgjer valnemnd som legg fram tilråding til det konstituerande møtet i kommunestyret.

Kommunestyret vedtok samrøystes ordføraren sitt endringsframlegg i møtet.

#### KS - vedtak:

Ein representant for kvart parti utgjer valnemnd som legg fram tilråding til det konstituerande møtet i kommunestyret.